

Økoloandsbyen Zegg



SO L D REVEIT. Førebild: er det slik alle - arad zene paneill av husvaka, men det skal il. flire.

Det sit framleis noko diffust, ubehageleg i veggane i nokre av husa i Zegg. Men det var verre før.

Tekst: Marit Bendz / Foto: Jan Ludvig Hundvebakke og Marit Bendz

ZEGG: Økoloandsbyen ved den vesle byen Belzig sørvest for Berlin er ein av fleire som oppstod i gamle Aust-Tyskland etter 1989. Mange kom frå vest og kjøpte opp hus og eigedomar, for her var prisen gjerne var ein tredel av kva tilsvarende kosta i tidlegare Vest-Tyskland.

– Det var ein rar energi her, fortel Barbara Stützel, ein av eldsjelenane i Zegg. Som om alt det som har gått føre seg her har transformert dårleg energi. Delar av det er borte no, men noko heng att, som om både spionasje, hjernevasking og tortur sit att i veggane.

Sportheim Belzig

Dei første husa her vart oppført allerede i 1918, av eit misjonærpar som kom heim frå misjonsmarken i Namibia. I 1933 tok nazistane over garden og bygde ut eit sportsenter der den politiske fostringa var minst like viktig som den fysiske. Mellom 1956 og 1988 var Zegg offisielt ein idrettslag-

skule, men eigenleg var det eit spionerifor STASI. Den berømte spionen Markus Wolf hadde basen sin her. Etter murens fall vart Zegg, som så mange andre liknande små samfunn, kjøpt opp av idealistar frå vest.

Barbara organiserer seminar og festivalar i landsbyen. Gjennom store delar av året er det utbyredd kursverksemd i Zegg, som kan huse 150 gjestar om vinteren, og opp til 400 om sommaren, når det er råd å bli i telt.

Men det er svært stille her denne januar-dagen. Landsbyen har si eiga ferie etter ein hektisk seminarperiode, og mange er borte. I spisesalen, som vanlegvis er full av folk i middagstida, sit berre Felix og les avisa.

Den gamle kollektivisten er pensjonist no, og på spørsmål om kva han gjer om dagane, svarer han ganske enkelt, men med glimt i auga: Eg vert forstyrra i aviseslaga mi!

Men han tek oss gjerne med ein tur på verketstaden, der han puslar med trearbeid.

Besserwesserar blant Jammerossiar

Det bur kring 100 menneske i Zegg i dag. Felix var blant dei første, som kom frå eit mindre kollektiv i Schwarzwald.

– I 1984 var eg myskild, nedfor og ein-sam. Eg lette etter eit fellesskap, og det fann eg i Schwarzwald. Så vart eg med hit då Zegg var etablert i 1991. No er alle her yngre enn meg, og då kjenner eg meg også

ung, humrar veteranen. I byrjinga var «ossiane» i Belzig skeptiske til dei nye naboeane med merkelege idear om bærekraft, økologi, kjerteltek og indre utvikling.

– Vi kom alle frå vest, ikkje berre Vest-Tyskland, men også Sveits og Austerrike, fortel Barbara. Uttrykket Jammerossies og Besserwissies passa godt på forholdet mellom Zegg-folket og innbyggjarane i Belzig den første tida. Men etter som fleire av bebuarane no arbeider i Belzig, og dei innfødde ser at all aktiviteten i den gamle STAS-leiren faktisk også er bra for helle kommunen, er tilløvet vorte mykje betre.

Frå brunkol til flis

Zegg hadde i tingspunktet sentralvarme frå sin eigen kolfyringsomni. Dette har dei nye eigarane gjort om til flisfyringsanlegg. Førebels er det berre eitt hus med solceller, men det produserer på gode dagar elektrisitet til heile landsbyen. Det er kopla på nettet, slik at dei kan levere når det er overproduksjon. I tillegg har eit hus solfangarar på taket til oppvarming av vann.

– Vi har planar om mange fleire solceller-anlegg her, og vonar på støtte til å bygge ut meir solenergi, fortel Barbara.

Området tiggjer kring 15 hektar. Zegg har eigen brønn, all kloakken vert kompostert



FLIS: bebuarane i Zegg har bya ut brunkolet med flis.



ORGANISATOREN: Barbara Stützel er halvstund psykolog, artist og ansvarleg for festivalane i Zegg.

sauna og eit innhaldsrikt bibliotek. Kring 20 av bebuarane er barn. Her er eigen skule for elevar opp til 6. klasse, seinare går dei vidare på skule inne i byen.

Tidlegare var det også barnehage her, men no er det for få ungar. Men barnehageuset er framleis ope som samlingsstad etter skuletid, og det er alltid vaksne til stades for å hjelpe til med lekser og elles passe på.

Ikkje for individualistar

Zegg er eit gjennomskiktig samfunn, det gjer det nandsynt å vere open.

– Vi har ein djup kunnskap om kvarandre. Eit kvar kjertelkehistorie vert fort offisiell

her. Det er ein styrke at vi er sopass mange. Mindre kollektiv vert veldig sårbare. Om eit ekteskap ryk, går alt i oppløysing, ler ho.

Ei stor og stabil gruppe har budd her lenge. I tillegg kjem mange hit for å lære, og vert buande i to-tre år. Å verte fullverdig medlem av Zegg-samfunnet med alle rettar er ein lang process. Først må ein gjennom eit prøvår. For nokon vert det heilt feil.

– Individualistar er ikkje vande med å tenkje fellesskap, og taklar ikkje det opne samfunnet. Men det er svært sjeldan vi må seie nei til nokon som ynskjer å bli medlem, dei som ikkje passar inn føler det på seg, og avgjer sjølv å flytte.

Seminar og festivalar

Alle som bur i Zegg er medeigarar og betaler det same til fellesskassa, som og omfattar felles matbudsjett. Det er opp til kvar enkelt å skaffe seg inntekt. Nokon driv si eiga verksemd i Zegg, andre har jobb utanom, kring 20 er tilsette av Zegg, og jobbar med restaurering eller på landsbyens eige sagbruk, på keramik- eller metallverktøystaden. Nokre av innbyggjarane driv privat webdesigntirma, og Barbara sjølv er artist, og teater eksisterer på eigne stow innafør musikk og teater.

Zegg har eit nært samarbeid med andre økoloandsbyar i Tyskland, men og i resten av verda. Alle arbeider på litt ulike måtar for å gjere verda til ein betre stad, både når det gjeld ytre og indre miljø.

– Vi ynskjer å skape eit rom for nye tankar og ny kunnskap, i ei atmosfære av kjerteltek, samhold og kommunikasjon, seier Barbara Stützel, og inviterer oss attende til våren.

Les meir på

www.zegg.de

www.ecovillage.org

www.hurdleecovillage.no